

Utdrag av kommuneplanens arealdel for Lom, vedteken 15.12.2022

3.7 Område for råstoffutvinning.

Det er sett av 28 område med arealbruksformål *Råstoffutvinning – eksisterande* - på plankartet. Dei omfattar eksisterande område for grustak, anlegg for sortering/knusing av masse og masselagring. 12 av desse områda har godkjent reguleringsplan:

Omr.	Reguleringsplan	Planvedtak	Uttak i vatn	Steinbrot
M17	Gokkerranden	27.05.1999		
M24	Leira ved Liasanden	12.03.1998	X	
M31	Bøvre ved Medalen	12.03.1998	X	
M32	Bøvre ved Borgasanden	25.06.1998 /18.09.1998 /04.02.2000	X	
M54	Finna ved Lauva	12.03.1998	X	
M82	Eldrihaugen	27.05.1999		
M85	Kverndalen	27.05.1999		
M95	Measeteryøye, Finndalen	21.09.1999		
M98	Visdalssetervegen	27.05.1999		
M101	Bøvre ved Prestsæter	12.03.1998	X	
M102	Bøvre ved Kvanndalsvoll	12.03.1998	X	
MS9	Mytingsvegen	21.09.1999		X

Namnsetjing/ nummerering i arealdelen frå 2003 er vidareført i ny arealdel.

16 mindre, eksisterande uttak utan reguleringsplan vidareført frå *Kommunedelplan for sand, stein og grus i Lom* (1997). Av desse er det 2 masseuttak i vatn og 4 uttak i fast fjell/ steinbrot, for det meste med formål uttak av stein for vassdragsforbygning (nye forbyggingar og vedlikehald av eksisterande).

Sand- og grusuttaka er for det meste uttak knytt til eit enkelt veganlegg (oftast setervegar) eller massetak for husbehov.

Lokalitet	Veganlegg, bruksformål	Uttak i vatn	Steinbrot
M1	Stallhytta, Veodalen	Veodalsvegen	
M6	Kyrkjeflaten	Veganl. Hesthagen – Smørli - Eklesæter	
M13	Skauta	Visdalsvegen, ytre del	
M81	Juvasshytta	Galdhøpiggevegen	
M89	Barhaugen, Lia	Veganl. Nyrneshaugen – Grøna elv	
M90	Jota, Lia	Veganl. Nyrneshaugen – Grøna elv	
M92	Kvammen, Lia	Veganl. Masåmyrbakken - Kvammen	
M93	Vamba, Lia	Veganl. Jota - Rusten	
M99	Omondjordet	Meadalsvegen	
M100	Tavelflye	Smådalsvegen	
M105	Otta v/ Vulu, Garmo	Lokale behov i Garmo	X

M109	Tessemagasinet v/ Ilva	Husbehov for sætrene	X	
MS3	Graffer	Til bruk i NVE sine anlegg		X
MS5	Thulittbrot Lia	Uttak av thulitt (nasjonalstein)		X
MS7	Storurde, Nordre Lia	Til murstein og vassdragsforbygning		X
MS8	Kjæstadurde	Til murstein og vassdragsforbygning		X

Det er ingen nye område for råstoffutvinning i planen. Eit område (M109) var ikkje med i arealdelen frå 2003, men er med i kommunedelplan for Nordsætrin, vedteken 01.07.2009.

Det er sett krav om godkjent reguleringsplan før nye uttak for 11 av uttaksområda.

For eksisterande område for råstoffutvinning gjeld desse føresegnene:

- a) For område M1, M6, M31, M32, M81, M99, M105, M109, MS3, MS7 og MS8 gjeld at seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal det vere utarbeidd og innlevert forslag til ny eller endra detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen, jf. Pbl § 11-9 nr. 1 og § 12-14. Dersom reguleringsplanforslag er levert innan fristen, avgjer kommunen om det aktuelle uttaket kan halde fram medan planforslaget blir behandla i kommunen, og fastset eventuelle vilkår for drift i denne perioden. Dersom reguleringsplanforslag ikkje føreligg innan 2-årsfristen skal uttaket stansast, og drifta av uttaket kan i så fall ikkje takast opp at før det ligg føre reguleringsplanvedtak.
- b) For områda som ikkje er nemnt i punkt a) ovanfor gjeld at dersom eksisterande område for råstoffutvinning vert utvida, skal det utarbeidast og godkjennast detaljreguleringsplan for området, jf. Pbl § 11-9 nr. 1.
- c) Detaljreguleringsplan skal ha føresegner om omfang, deponi og reglar for avslutting av anlegget.
- d) For område M13, M89, M90, M92, M93 og M100 gjeld følgjande føresegn:
– Eksisterande massetak kan utvidast innanfor avgrensinga på plankartet. Etter avslutta uttak skal uttaksområdet ha stabil skjering med helling på maks 1:3. Utsortert overskotsmasse skal knusast og nyttast, alternativt fjernast eller gravast ned.
- e) For område M100 gjeld i tillegg følgjande føresegn:
- Det skal ikkje skje uttak eller knusing/ sortering av grusmassar i perioden 15.04 -15.07.
- f) For område M99 gjeld i tillegg følgjande føresegn:
- Det skal ikkje skje knusing av grusmassar i perioden 15.02 -30.06.
- g) For uttak M24 i Leira, skal uttak av grus i perioden 15/9 – 15/6 skje på tørt land. Vidare skal transporten av grus ut av vassdragsbeltet, også så langt som mogleg skje på tørt land, for å unngå tilslamming frå finstoff på yngel og rogn. Uttak av grus utanom denne perioden kan skje i vassstrengen dersom vassføring tilet det.
- h) For uttak M101 og M102 i Bøvre skal uttak av grus berre skje på låg vasstand i perioden 1—15. juni eller 15.-31. august. Vidare skal transporten av grus ut av vassdragsbeltet så langt som mogleg skje på tørt land, for å unngå tilslamming frå finstoff på yngel og rogn.

Vidare gjeld desse retningslinene:

Masseuttak frå områda M54 Finna ved Lauva og M95 Measeterøya i Finndalen landskapsvernområde krev søknad til nasjonalparkstyret for Reinheimen før uttak.

Masseuttak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksveger, kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.

Drift av område for råstoffutvinning skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova.

Alle massetak med uttak over 500 m³ skal meldast Direktoratet for mineralforvaltning, som kan krevje driftsplan før uttak vert sett i gong, jf. Minerallovas § 42.

Alle masseuttak med samla uttak større enn 10.000 m³ samt eitkvart uttak av naturstein, krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Dette inneber også driftsplan som skal godkjennast av direktoratet.

Krav til melding til og/ eller driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning gjeld også ved utviding av eksisterande uttak, og for uttak behandla etter landbruksvegforskrifta.

Det er den som er ansvarleg for uttaket, som også er ansvarleg for å avklare forholdet til mineralloven og som må sjå til at nødvendige løyve føreligg før uttak settast i gang.

Tilhøve knytt til trafikkavvikling og støy skal utgreiast nærare ved detaljregulering for område for råstoffutvinning.